



Notat

Dato: 15.12.2015
Arkivsak: 2015/2400-23
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om korrespondanse ferje Våge-Halhjem og buss Halhjem-Osøyro-Bergen

I møteboka frå utval for miljø og samferdsel sitt møte 11. november 2015 er det teke inn fylgjande oversending frå **Gustav Bahus (Frp)**:

Ber om at Skyss ser spesielt på korrespondansen mellom ferje og buss på strekninga Våge-Halhjem og Halhjem-Bergen. Det er berre eit par minuttar som gjer at ein ikkje rekk ferje eller buss på morgon og ettermiddag. Dette gjer det svært vanskeleg å velje kollektivreise for pendlarar.

Busslinje 600 (Bergen busstasjon – Osøyro – Halhjemsmarka) er den viktigaste kollektivforbindelsen mellom Bergen og regionsenteret Os, med eit frekvent rutetilbod store delar av døgnet og veka. På kvardagar er det godt over 100 turar på linje 600, eit fleirtal av avgangane går til Halhjem. Linja har godt belegg og eit totalt snitt av påstigande pr. kvardag på omlag 3500 passasjerar. Traseen for linja følgjer E39.

For denne og liknande viktige linjer vil ein så langt som mogleg ha stive rutetider, det vil sei faste minutt-tal for avgangane, som til dømes avgangar ti over heil og ti over halv. Dette er eit sentralt planleggingsprinsipp som er forankra i *Kollektivstrategi for Hordaland*, og gjennomgåande i ulike rettleiingar for ruteplanlegging. Stive rutetider gjev eit tilbod som er enkelt for dei reisande å hugse, som gjer at ein ikkje treng å slå opp rutetidsinformasjon. I tillegg bidreg det til jamn fordeling av passasjerar på dei ulike avgangane.

Linje 600 har stive rutetider basert på tidspunkt for avgang frå Osøyro, som igjen er bunde opp i ulike byttmoglegheiter langs heile traseen. Sidan ferja Våge – Halhjem ikkje har slike stive rutetider, har ein ikkje her eit opplegg der rutetider for buss er knytt direkte til rutetidene for ferja. Kor godt bussavgangane passar med ferjeavgangane vil difor variere.

Frå 4.januar 2016 blir det auka produksjon på busslinje 600, dette knytt til førebuing til tidsdifferensierte bompengar. Det blir ei monaleg auke i talet på avgangar frå Halhjem, spesielt i rushtid morgon og ettermiddag. Det er som tidlegare lagt opp til stive rutetider på linje 600. I utgangspunktet går annankvar avgang på linje 600 frå Os, og annankvar frå Halhjem. For å hindre at ventetid mellom buss og ferje frå Våge blir for lang, har ein tilpassa kva avgangar som går frå Halhjem best mogleg til ferjetidene.

Framkomst for buss er ei utfordring for kollektivtrafikken i store delar av Bergensområdet. At køyretida for ei gitt strekning kan ha store variasjonar er ei stor utfordring i planlegging av eit godt og effektivt kollektivtilbod. Ein ønskjer å leggje opp til så kort ventetid som mogleg ved bytte, samtidig som ein må ta høgde for moglege forseinkingar for bussen på grunn av trafikale tilhøve. Køyretid lagt til grunn for rutetilbodet blir justert årleg på grunnlag av målingar av faktiske køyretider.

For dei mest aktuelle ferjetidene ser byttemoglegheitene slik ut frå 4.1.2016:

Ankomst Halhjem ferje	6.25	8.35
Avreise Halhjem buss	6.34	8.42
Ankomst Halhjem buss	15.26	16.23
Avreise Halhjem ferje	15.30	16.30